Årsmelding 2022

Ikjefjord bygdelag

Styret har i 2022 bestått av:

Tittel		Namn
Leiar i bygdelaget	Styreleiar	Leif Brekken
Styremedlem	Sekretær	Kristin Myren
Styremedlem	Leiar Idrettslag	Torstein Aarnes Solli
Styremedlem	Leiar Ungdomslag	Laila Aarnes
Styremedlem	Bossansvarleg	Steffen Hielscher
Styremedlem	Kasserar	Bjarte Myren
Varamedlem		Norvald Årnes
Varamedlem		Terje Instefjord
Revisor		Veslemøy K. Årnes

Vi har hatt fire styremøter i løpet av året. Samt oppfølging av løpande saker undervegs via messenger og e-post.

Saker det har vore jobba med

Bustadfelt

Bygging på første tomt er no i gang, det er ikkje det vi kjenner til fleire tomter som er selde.
Bygdelaget ha fått tilsagn om 15.000 kroner i forbindelse med bustadfeltet, dette er tenkt brukt til å reklamere for bustadfeltet i håp om å få solgt fleire tomter.

Internett

Det har vore mykje problem med nettløysinga i bygda det siste året og. Men i haust starta gravinga av fiberkabelgrøfter, det meste er no på plass, men litt tilknyting her og der står att. Kabel over Sognefjorden skal leggast i mars/april. Siste opplysning om ferdigstilling Massnes til Ikjefjord er mai/juni. Det skal etablerast ein lokal fibersentral som blir plassert i Grendahuset i staden for å sette opp eit frittståande bygg. I leige får vi betalt tilsvarande ein stor pakke internett.

Leikeplass

Planlegging av innhald er i gong. Har bestemt størrelse og laga klart kablar til feks utelys og ladestasjon elbil. Fått inn tilbod på utstyr som er noko høgt kostnadsmessig. Laila og Kristin er på saka. Prosjektet er utsatt, damene er framleis på saka.

Nytt tak grendahuset

Vi har hatt ute på anbod legging av nytt tak på nordsida av Grendahuset. Gulen Blikk og vedlikehald vart valde som leverandør, og vil starte dette arbeidet no på vårparten. Vi har lova å ta hand om avfallet.

Grendahuset

I kjellaren har det før vore innsig av vatn i den tidlegare Storstova. Steffen leiger no dette rommet til lager, han har pussa golvet og alt ser tett og fint ut.

Bygdelaget

- Ikjefjord Bygdelag har meldt seg inn i Sørsida utvikling.
- Kristin jobbar med søknader om forskjellige tilskot mot betaling.
- Minnegåver i samband med gravferder har det komme inn over kr 32 000.
- Grasrotandelen Norsk Tipping har vi fått inn over kr 20 000.

Idrett og natur

Det blir sett på moglegheiter for å rydde og merke stiar betre og slik legge til rette for meir aktivitet i naturen. Laila Aa. tok initiativ til å rydde strandlinja frå Sandvika til Vikja. Dugnadsgjengen stilte mann/kvinnesterke og fekk rydda vekk det aller meste i løpet av to dugnadsdagar. For ein flott gjeng!

Ikjefjord idrettslag 2022

2022 har også vert eit år med mykje spenning i Ikjefjord idrettslag. Investeringa i styrkerommet har ført til ei betydeleg auke i bruken, særleg i sommar da været ikkje tillot mykje aktivitet ute. Det har og vert tilbod om opplæring til nye brukarar. Vi har og utvida tilbodet, då vi fekk ei fint brukt tredemølle på plass. Det er også planar om nye innkjøp for å utvide tilbodet i 2023.

Det har og blitt gjort eit arbeid for å merke turløyper i og rundt Ikjefjorden. Dette har ført til at vi no er blitt med i Bjordal IL sitt tursystem, og ein kan no samle poeng i Ikjefjorden og. Håpet er at dette vil føre til auka bruk av naturområda våre. Appen Gjesteboka lastast ned til mobil. Konkurranse: Trimposten BSIL 2023

Ikjefjord idrettslag har også sagt seg villig til å støtte Bjordal og Søreide med deira nye prosjekt, ny dagsturhytte på Søreide.

Aktivitetar Ikjefjord ungdomslag 2022

Påskebasar

Påskebasar skjærtorsdag er jo vårens happening og pangstart på vår og sommar i bygda. Den vart gjennomført på vanleg mal og mange kom - både bygdefolket og besøkjande i hus og hytter. Fullt hus og stormande jubel og inntektene kjem vel med til Grendahuset.

17. mai feiring

Dagen kom med strålande vær og med godt oppmøte vart dette ei verdig feiring av nasjonaldagen. Betasuppe og mylse vart servert og isen fekk føter å gå på. Litt nye og gamle leikar skapte engasjement, latter og moro. Ein kjekke dag.

Jonsokfeiring på granden

Ein fin kveld med bål, grilling, rebus og fint vær. Godt oppmøte

Adventssamling 1. lørdag i advent

Her blei det både baking, laging og smaking. Store og små produserte etter beste evne. Pølser i brød og nybakte julekaker gjorde dagen god for mange.

Juletrefest

Tradisjonen tru 2.juledag. Godt oppmøte, gang rundt juletreet og nissebesøk; kva meir kan me forlange? Alle tek med seg litt å bite i og det var mykje godt på koldtbordet. Nemnda hadde laga utfordrande oppgåver til forsamlinga, me klarde å komme oss ut av juletåka og løyste oppgåvene ganske bra vil eg sei.